



Også det første småbarnstreffet i bedehuset i den nye sesongen starta med "fisking" av songar. Selma Eik og Nelly Kjerland som er leiariar sit lengst til venstre og lengst til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Gjensynsgleda var stor då ungar og foreldre som deltek i småbarnstreffet til Nelly Kjerland og Selma Eik i bedehuset starta på ein ny sesong onsdag førmiddag. Det første treffet samla 8 born med foreldre, men det kjem sikkert til å auka utover i sesongen.**

Dei har vore heilt oppe i 17 og foreldre frå heile Kvinnherad kjem til Uskedalen med dei små borna sine annankvar onsdag. Treffet tek sikte på dei frå null til seks.

"Ritualet" er mykje av det same kvar gong. Det startar med "fisking" av songer og ei forteljing frå Bibelen, gjerne ved ein spesiell gjest. Så er det mat og drikke og ein eller annan aktivitet under mottoet "Vi lagar noko og leikar oss".

Småbarnstreffa starta på midten av 1990-talet på Gamleskolen då det var barnehage der. Då den vart slutt adopterte Semla, Nelly og Lene Taranger ideen og no har treffa vore halde i fire år i kristen regi. Men dei held ei låg profil med omsyn til misjonering. Det sosiale samveret mellom foreldre og born er vesentleg.

Programmet utover hausten er å finna under "Lag og foreningar".  
Selma og Nelly set punktum for denne sesongen med julefest 27. desember.

Av Ola Matti Mathisen